



Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Marte Ruvang Karlsen, 5557 2116

## Gjeld feil i vedtak, områdeplan Lonena, plan ID 1263-201016, Alver kommune

Vi viser til dykkar brev av 14.04.2020.

De påpeikar at det ligg føre feil i Fylkesmannen sitt vedtak 02.04.2020 der vi stadfesta områdeplan for Lonena. De meiner det ligg føre følgjande feil:

- Brevet inneheld ikkje mottakars namn, adresse, postnr., poststad og kontaktperson.
- Feil i overskrift: I overskrifta står det «byggesak» der det skulle stått «reguleringsplan».
- Feil under «Bakgrunn for saka», fyrste setning. Kommunestyret i Lindås vedtok områdereguleringsplanen den 26.09.2019, ikkje den 10.04.2018.
- Feil under «Bakgrunn for saka», andre avsnitt, fyrste setning. Planen er ikkje fremja av ABO Plan og Arkitektur AS. Planen er utarbeidd i eit offentleg- privat samarbeid mellom Rygir tomteutvikling AS og Lindås kommune, der Opus Bergen AS har vore plankonsulent.

Grunnen til at adressefeltet i venstre hjørne øvst i vedtaket ikkje er utfyllt, er at vedtaket har fleire mottakarar. Lista over mottakarar står nedst i vedtaket. Avsendarfeltet i brevhovudet vert normalt fletta/auto-generert ved ekspedering til hovudmottakarane. Dersom det har skjedd ein feil ved den automatiske genereringa i dette tilfellet, orsakar vi det.

Vi nyttar normalt «byggesak» som overskrift også i saker som gjeld reguleringsplan. Dette har med våre interne register å gjere.

Vi orsakar feil dato, og feil om kven som har utarbeidd planen. Vi kan likevel ikkje sjå at feilen har virka inn på resultatet i saka, og finn difor ikkje grunn til å gjere om vedtaket vårt jf. fvl. § 41. Det er riktig dato i sjølve vedtaksteksten, og det går såleis klart fram kva vedtak som har blitt handsama og stadfesta her.

Partane i klagesaka vert underretta ved kopi av dette brevet.



Med helsing

Arnt Erik Nordheim  
Seniorrådgjevar

Marte Ruvang Karlsen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Aina Isdal Haugland	Isdal 77	5916	Isdalstø
Frode Jarland	Langheiane 26	5914	Isdalstø